



Jobbnorge ID: 281953
Deadline: 8/10/2025
Website: <https://www.tussa.no/>
Scope: Fulltime
Duration: Permanent

Tussa

Tussa er eit leiande energi- og teknologikonsern på Nordvestlandet. Vi produserer fornybar energi, byggjer og driftar fibernett, tilbyr IT-tenester og er ein stor elektroentreprenør. Om lag 300 medarbeidarar jobbar i Tussa.

Hovudkontoret vårt er i Ørsta, i hjartet av Sunnmørsalpane med fantastiske høve for friluftaktivitetar.

Sal - og marknadssjef

Tussa Installasjon

Tussa Installasjon er ein av dei leiande elektroentreprenørane i regionen, med over 75 års erfaring i bransjen. Selskapet tilbyr eit breitt spekter av elektrotekniske tenester for både privatkunder og næringsliv. Med avdelingar i Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg og Stryn, er vi tett på kundane våre og har eit sterkt lokalt fotfeste.

Tussa Installasjon har over 120 medarbeidarar, som til saman utgjer ein sterk fagleg organisasjon. Vi har bygd opp solid kompetanse og lokalkunnskap gjennom fleire tiår, og arbeider målretta for å levere framtidsretta og miljøvennlege løysingar.

Vi tilbyr tenester innan dei fleste elektrofaglege disiplinane - inkludert sterkstraum, svakstraum, automasjon, tele og data. Faget vårt er i stadig utvikling, og vi legg stor vekt på kontinuerleg fagleg oppdatering for å møte krava både i dag og i framtida.

Video: <https://youtu.be/hdINkgF-R3U?si=r8ozs1k3Rw5QJ7P1>

Sal - og marknadssjef

Er du ein forretningsorientert og handlekraftig salsleiar?

Tussa Installasjon er i vekst og søker ein målretta og relasjonsbyggjande sal- og marknadssjef, som får det overordna ansvaret for sals- og marknadsarbeidet innan produktområda installasjon, fornybar energi, maritim og marin installasjon, automasjon, tavlebygging og tenester retta mot kraftbransjen.

Om stillinga:

Stillinga vert ein del av leiargruppa i Tussa Installasjon og rapporterer til adm. direktør. Du får ei **operativ rolle** med ansvar for tilbod og marknadsarbeid, og vere i tett dialog med både nye og eksisterande kundar.

Du vil samarbeide tett med avdelingsleiarar og produktspecialistar for å sikre samordna og effektive leveransar.

Vi ser etter ein **forretningsorientert og relasjonssterk leiar** med kombinasjon av teknisk og kommersiell kompetanse. Du evnar å planleggje, leie og gjennomføre salsprosessar, og trivst med ein variert kvardag der du bidreg til å styrke marknadsposisjonen vår. Du vil få ei sentral rolle i å sikre at Tussa Installasjon held fram som ein føretrekt leverandør av miljøvennlege elektroløysingar, der ulike teknologiar og fagområde vert sett saman på ein berekraftig måte. Som ein viktig bidragsytar i eit selskap med spennande kundar og høg trivsel blant medarbeidarane, vil du få moglegheit til å påverke utviklinga vidare.

Vi tilbyr:

- Ei sentral rolle i eit framtidsretta selskap i sterk vekst
- Høve til å påvirke utviklinga av selskapet si framtid
- Solid fagmiljø med høg kompetanse og erfarne kollegaer
- Gode utviklingsmoglegheiter både fagleg og personleg
- Utfordrande og varierte arbeidsdagar
- Konkurransedyktige vilkår og fleksibel arbeidsdag

Sentrale arbeidsoppgåver og ansvarsområde:

- Sikre måloppnåing i tråd med gjeldande budsjett og selskapsmål innan valde segment
- Vedlikehalde og vidareutvikle ein effektiv salsprosess
- Følgje opp kundar, tilbod og anbod
- Etablere og styrke kundeforhold gjennom oppsøkjande sal og tett oppfølging

- Planleggje og delta på messer og seminar
- Bidra til å utvikle salsstrategiar og aktivitetsplanar i samarbeid med leiinga
- Rettleie kundar i val av produkt og systemløyisingar
- Gjennomføre kontraktsgjennomgang og evalueringar
- Rapportere salsarbeid, inkludert prospekt og oversikt over anbod

Kvalifikasjonar:

- Erfaring frå B2B-sal
- Strukturert og resultatorientert med sterk gjennomføringsevne
- Gode kommunikasjons- og forhandlingsevner
- Initiativrik, sjølvstendig og løysingsorientert
- Gode norsk- og engelskkunnskapar, både munnleg og skriftleg. Tussa har nynorsk som forretningsspråk
- Førarkort klasse B
- Kjennskap til automasjon, elektro eller andre relevante fagområde er ein fordel
- Personlege eigenskapar vil verte vektlagt

Additional information**Contact person:**

Roar Stenersen, Dagleg leiar

Phone: +47 95198973 | E-mail: roar.stenersen@tussa.no

Place of service:

- Indrehovdevegen 67 6160 Hovdebygda (Ørsta Municipality)
- Fløvegen 170 6065 Ulsteinvik (Ulstein Municipality)
- Tonningsgata 27 6783 Stryn (Stryn Municipality)
- Mjølstadnesvegen 4 6090 Fosnavåg (Herøy Municipality)